

Møteinnkalling

Utval:	Ungdommens fylkesutval
Møtestad:	Fylkesutvalssalen 3. etg., Fylkeshuset
Dato:	14.11.2014
Tid:	16:00

Møtestader er: Fylkesutvalssalen, 3. etasje, fylkeshuset, Montana Vandrarheim og møterom i Strandgaten 16

Dagsorden:**Fredag: Fylkeshuset**

Kl 16:00-16:30

Mat og orientering frå
regionalavdelinga
Sakshandsaming

Kl 16:30-20:00

Laurdag: Strandgaten 16

Formiddagen

Sakshandsaming
Mona Hellesnes kjem på besøk
Sakshandsaming**Søndag: Strandgaten 16**

Dersom nokon av utvalet sine medlemar eller varamedlemar ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast råd til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemmer i Ungdommens fylkesutval. Ved eventuelt forfall frå faste medlemmer vil varamedlemmer bli kalla inn særskilt.

Ungdommens fylkesutval i Hordaland

Agnes H. Bernes
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 86/14	Godkjenning av innkalling		
PS 87/14	Godkjenning av sakliste		
PS 88/14	Godkjenning av møtebok frå forrige møte		
PS 89/14	Evaluering Nettverkssamling 2014	2014/560	
PS 90/14	Klinikkstrukturplanen - høyringsuttale	2014/560	
PS 91/14	UR+UFU=SANT	2014/560	
PS 92/14	Førebuing til Ungdommens fylkesting 2015	2014/560	
PS 93/14	Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval	2014/560	
PS 94/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 61/14	Norges Realfag gymnas Sotra - uttale frå Ungdommens fylkesutval	2014/560	
RS 62/14	Fleire opne idrettsanlegg og øvingsrom for musikk - innspel til budsjettarbeidet	2014/560	
PS 95/14	Ymse		

PS 86/14 Godkjenning av innkalling

PS 87/14 Godkjenning av sakliste

PS 88/14 Godkjenning av møtebok frå forrige møte

Arkivnr: 2014/560-122
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	89/14	14.11.2014

Evaluering Nettverkssamling 2014

Samandrag

Nettverkssamling 2014 vart gjennomført med 33 deltakarar frå Ungdommens fylkesutval, desisjonskomiteen og representantar frå 14 kommunar og ein fylkeskommune (Vest-Agder). Arrangementet vart heldt på Clarion Hotel Edvard Grieg 25.-26. oktober. Programmet var veldig interaktiv med tre hovudtema, arbeid i ungdomsråd, UFU+UR=SANT og idear til planprogrammet, og Ragnhild Riis leia prosessane.

Ein evaluering av arrangementet er bra for å sjå kva endringar ein bør gjere til neste gong og kva ein bør halde fast ved:

- Hotellet
- Mat
- Møterom
- Prosess (Ragnhild sitt opplegg)
- Program
- Deltaking frå kommunale ungdomsråd
- Deltaking frå Ungdommens fylkesutval
- Resultat frå arrangementet
- Sosialt

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-125
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	90/14	14.11.2014

Klinikkstrukturplanen - høringsuttale

Samandrag

Tannhelseavdelinga har sendt ut ein ny Klinikkstrukturplan for 2015-2030 med høringsfrist 15. desember 2014. Ungdommens fylkesutval vedtok i førre møte å løfte saka til sakslista og leiar for opplæring og helse, Vegard Kleppe, kjem med eit utkast til uttale.

Forslag til avgjerd

Ungdommens fylkesutval vedtek uttale til Klinikkstrukturplanen slik den vert lagt fram frå leiar i opplæring og helse.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-127
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	91/14	14.11.2014

UR+UFU=SANT

Samandrag

I møtet 4. november 2014 gjorde Ungdommens fylkesutval slikt vedtak:

«Ungdommens fylkesutval er uroa for at oppfølginga av dei kommunale ungdomsråda ikkje er god nok. Eit forslag er at to-tre utvalsmedleamar har ansvar for ein region i fylket, til dømes Nordhordaland, Sunnhordaland og Hardanger. Ungdommens fylkesutval vedtek å ta opp dette punktet som ein sak på neste rådsmøte. Eigen organisasjon skal kome med eit forslag til ein ordning med praktiske detaljer.»

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-126
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	92/14	14.11.2014

Førebuing til Ungdommens fylkesting 2015

Samandrag

Ungdommens fylkesutval er ansvarlege for å arrangere Ungdommens fylkesting 2015. Dato er satt til 13.-15. februar.

Det er mykje som skal førebuast til dette arrangementet innanfor:

- Tingdokument
- Ungdomsråd
- Eksterne deltakarar
- Praktiske detaljar

Fristar er:

- Innkalling må ut seinast 12. desember
- Tingdokument må ut seinast 3. februar (dagsorden, gjeldande vedtekter, gjeldande handlingsprogram, rekneskap og årsmelding)

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Arkivnr: 2014/560-123
Saksbehandlar: Ingeborg Borgen Takle

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Ungdommens fylkesutval	93/14	14.11.2014

Gjennomgang av vedtektene til Ungdommens fylkesting og Ungdommens fylkesutval

Samandrag

Ungdommens fylkesutval gjorde slikt vedtak 17.09.2014:

Ungdommens fylkesutval ber administrasjonen sjå på alternativ til vedtektene som gjeld og kome med forslag til neste møte:

- *Redaksjonskomite: kva skal denne gjere, særskilt i samband med voteringsorden?*
- *2/3 fleirtal ved endringsforslag: korleis kan det verte inkorporert?*
- *Ungdommens planprogram: skal denne inn i vedtektene, og med kor mykje; visjon, verdiar, mål, tiltak, satsingsområdar? Kan ein fremja eit nytt forslag til heile Ungdommens planprogram eller må kvart mål fremjast frå talarstolen?*
- *Må ein representant frå ein kommune vere tilknytt kommunen?*
- *§5: Er den hensiktsmessig?*
- *Desisjonskomite vs kontrollkomite? Ansvar under året og under UFT.*

Administrasjonen har følgjande innspel på dei ulike punkta:

- *Redaksjonskomite: kva skal denne gjere, særskilt i samband med voteringsorden?*

Voteringsorden er eit lite brukt omgrep i fylkeskommunal samanheng, og det vert anbefalt å skrive om setninga med ord som er enkle å forstå og ikkje leiast til misforståing. Inntrykket er at redaksjonskomiteen skal redigere forslaga slik at forsamlinga røystar på forslaga i riktig ordning. Dermed kan eit forslag vere at redaksjonskomiteen si oppgåve er å finne «rekkefølgja til røystinga».

Vidare vert det anbefalt å byte om på setninga slik at delen om realitetsbehandling kjem først. Dette fordi det er det som er det første som skjer, og da er det logisk at det er det første som vert nemnt.

Når det gjeld realitetsbehandling er det nemnt i kommunelova §34 at saker kan verte løfta til politisk handsaming om ikkje 1/3 røystar i mot det. Det bør kanskje nemnast korleis ein kan gjere om redaksjonskomiteen si innstilling, om det er ønskje og gjennomslagskraft for det.

Generelt for alle komiteane vert det anbefalt at ein skapar litt meir rom i teksten, slik at det vert lettare å lese.

- *2/3 fleirtal ved endringsforslag: korleis kan det verte inkorporert?*

I §2.17 vert det nemnt at «Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal, med unntak av endringar i vedtektene.» Her kan ein sette inn at det gjelde *endringsforslag* og at det skal skje med 2/3 fleirtal.

I tillegg kan det vere smart om ein legg til eit nytt punkt under §5 som og omtalar korleis eit slikt *endringsforslag* skal røystas på.

- Ungdommens planprogram: skal denne inn i vedtektene, og med kor mykje; visjon, verdiar, mål, tiltak, satsingsområder?

Ein må i alle fall fremja at handlingsprogram vert endra til Ungdommens planprogram alle stader i vedtektene. I tillegg vert det anbefalt at ein skriv eit dokument som beskriv korleis Ungdommens planprogram skal byggast opp, kva som er meininga med det, og så vidare, i eit separat dokument som Ungdommens fylkesting kan endre på utan å blande inn det vaksne fylkestinget, om det er ønskeleg.

Kan ein fremja eit nytt forslag til heile Ungdommens planprogram eller må kvart mål fremjast frå talarstolen?

Frå administrasjonen si side verkar det rart at Ungdommens fylkesutval berre er eit arbeidande organ, som er nemnt i vedtektene, utan at dei har innstillingsrett på anna enn namngitte oppgåver nemnt i 2.15. Det er administrasjonen si oppfatning at ein bør legge til i §3.1, og tilsvarande punkt, at Ungdommens fylkesutval har innstillingsrett til Ungdommens fylkesting. Da vil det vere ein naturleg konsekvens at Ungdommens fylkesutval kan innstille blant anna til Ungdommens planprogram.

Det er nemnt i vedtektene at «handlingsprogrammet» skal beskrive dei sakane som Ungdommens fylkesutval skal jobbe med det kommande året. Det vil seie at «handlingsprogrammet» berre gjeld for eit år, og skal ikkje følgje med til neste år. Ein kan ta med enkelte punkt eller alle punkta i eit nytt «handlingsprogram», men det er naturleg at det kjem eit nytt forslag til handlingsprogram kvart år, og det er berre Ungdommens fylkesutval som har god nok kunnskap og informasjon til å kome med eit nytt forslag.

- Må ein representant frå ein kommune vere tilknytt kommunen?

Det vert nemnt i §2.1 og administrasjonen ser på dette punktet som tilfredstillande.

- §5: Er den hensiktsmessig?

Administrasjonen anbefaler at ein endrar framlegg til forslag, og at så fram at Ungdommens fylkesutval får innstillingsrett treng ein ikkje den siste setninga. Med tillegget om korleis ein røystar på *endringsforslag* vil paragrafen fungere etter hensikta.

- Desisjonskomite vs kontrollkomite? Ansvar under året og under UFT.

Administrasjonen støttar ein endring frå desisjonskomite til kontrollkomite. Desisjonskomite er eit gammalt omgrep som vart brukt da det berre var økonomi komiteen skulle sjå på. Kontrollkomite får eit større mandat, med både økonomi og at prosessar skjer slik dei skal.

Desisjonskomiteen har observatørstatus på Ungdommens fylkesting, noko som inneber at dei har tale- og forslagsrett. Det er ganske spesielt at ein desisjons/kontrollkomite har forslagsrett. Kanskje ein skal redusere rettane til berre talerett?

Anna punkt som administrasjonen ser trong for å trekke fram:

§2.10 – rollar på Ungdommens fylkesting: Det står ingen stader at Ungdommens fylkesting eller Ungdommens fylkesutval har opne møter, men det vert lag til grunn, og vert og foreslått lagt inn i vedtektene. I så fall vil alle som kjem på møtet utan delegatstatus vere observatørar etter vanleg bruk av omgrepet. Det er vanleg at observatørar berre kan gjere det, observere, og ikkje har nokre rettar.

Gjestar er gjerne nokon som Ungdommens fylkesutval meiner kan bidra til Ungdommens fylkesting på nokon måte, og det vil vere naturleg at dei i alle fall har talerett. Det vert anbefalt at ein endrar paragrafen slik at observatørar ikkje har nokre rettar, og at Ungdommens fylkesutval kan gi rettar til gjestar som dei meiner bør ha slike, men at Ungdommens fylkesting må godkjenne dette.

§2.18 – representere eigen kommune. Slik den siste setninga i dette punktet står ser det rart ut. Ein tar utgangspunkt i at det betyr at ein ikkje deltek på kvota til den kommunen ein kjem frå, men det vert anbefalt at setninga vert skriven om for å unngå forvirring.

§2.20 – Heimsending: Det vert stilt spørsmålsteikn til om det er aktuelt å sende nokon heim for å bryte vedtektene. Da kan ein i så fall ikkje sende nokon heim for å rasere eit hotellrom, til eksempel. Eit forslag er å skrive nokre køyrereglar som Ungdommens fylkesting vedtek og som kan verte referert til i denne paragrafen. Da vert det moglegheit til å ta høgde for fleire ting og Ungdommens fylkesting kan sjølv endre den.

§3.8 – representativitet:

Regionar: Kva regionar er det? Bør kome klart fram.

Likestillingslova: Det er ikkje mogleg å gå bort frå likestillingslova, sjølv med 2/3 fleirtal.

Bør/skal: Slik det står nå, med bør, treng ein ikkje 2/3 fleirtal for å sjå bort frå paragrafen, for det står ikkje at ein SKAL ha med noko av det som står der. Så enten kan ein halde på bør i paragrafen og ta vekk 2/3 fleirtal, eller endre til skal og halde på 2/3 fleirtal. I så fall bør setninga endrast slik at alt som treng 2/3 fleirtal for å sjåast bort frå kjem i ein setning og likestillingslova ikkje er med i denne.

Administrasjonen anbefaler og at Ungdommens fylkesutval ser igjennom vedtektene setning for setning for å vere sikker på at innhaldet er slik de ønskjer, og at hensikta med dei ulike punkta ikkje kolliderer med andre punkt i vedtektene.

Forslag til avgjerd

Saka vert lagt fram utan tilråding.

Ingeborg Borgen Takle
rådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

PS 94/14 Referatsaker (Meldingar)

Til: Fylkesutvalet

Frå: Ungdommens fylkesutval

Referanse
2014/560-121

Dato
30.10.2014

Norges Realfag gymnas Sotra - uttale frå Ungdommens fylkesutval

Vi i Ungdommens fylkesutval veljar å stille oss i mot fylkesrådmannens forslag til innstilling om Norges Realfags Gymnas på Sotra. Vi ser på dette som ein god konkurranse for elevar ved utdanningstilbodet Studieførebuande med Teknologifag på Sotra Vidaregåandeskule, og ser moglegheitar for eit friare skuleval innan fylkeskommunen.

Noko av det som er positivt med denne skulen er at den vil busette seg på Sotra grunna tilknytning til subsea-miljøet, og satsar på høgare utdanning ved Universitet i USA som er meir motiverande. Det vil ikkje svare seg å ha denne skulen ein annan stad i fylket grunna subsea-miljøet, samt olje-miljøet på Sotra. **Roger Elstad ser for seg at elevene vil sikte mot Harvard, Stanford og MIT i USA, stader hvor realfagsgymnaset ønsker å bygge opp et godt rykte.** (i følge <http://www.tu.no/karriere/2014/01/22/dette-er-planene-for-norges-nye-realfagsgymnas>)

Med helsing

Agnes Hoshovde Bernes
leiar

Til:	Opplæringsavdelinga og kultur- og idrettsavdelinga
Frå:	Ungdommens fylkesutval

Referanse
2014/560-113

Dato
15.09.2014

Fleire opne idrettsanlegg og øvingsrom for musikk - innspel til budsjettarbeidet

Ungdommens fylkesting har vedteke i Ungdommens planprogram at:

«Ungdommens fylkesutval skal jobbe for at offentlege bygg skal verte lettare tilgjengeleg for utlån, særleg at fleire opne idrettsfasilitetar og fleire gratis øvingslokalar for utvikling av musikkmiljøet, ved å foreslå ein auka post i budsjettet for dette.»

Bakgrunnen for dette tiltaket er det store undertilbodet i treningstid for både idrettslag og musikarar med fokus på ungdom i ein tid der det er ekstra viktig at ein har eit trygt tilhaldsstad med positive aktivitetar. Nokre kommunar har ikkje eigne idrettshallar og dermed er det ekstra trist med gymsalar og idrettshallar som står tomme etter kl 16. Det same gjeld øvingslokalar for musikk.

Ungdommens fylkesutval vil derfor be opplæringsavdelinga og kulturavdelinga om å ta høgde for auka tilskot i budsjett 2015 til skulane slik dei kan halde gymsalar, idrettshallar og øvingslokalar for musikk opne etter kl 16 på kvardagar. Ved gjennomsyn i budsjettet og kommunikasjon med avdelingane ser vi at det er naturleg å be opplæringsavdelinga om å auke rammetilskotet til skulane, øyremerka til å halde opne fasilitetar for ungdomsaktivitetar. Til kulturavdelinga vil vi be om at posten 400.410 Tilskot til idrettsarbeid som i 2014 fekk tildelt 200 000 kr vert auka slik at fleire skular har moglegheit til å vere disponibel for ungdomsaktivitetar.

Vi håpar at de kan ta innspelet med i arbeidet dykkar.

Med helsing

Agnes Hoshovde Bernes
Leiar

PS 95/14 Ymse